

14.12.2017

Mykje fint i julekrambua i Uskedalen.



Julepynten møter oss før vi går inn i butikken.

Dersom nokon har problem med å finna dei rette julegåvene, kan det vera svært lurt å ta ein tur til julekrambua til Inger Lise Eidsvik i Uskedalen. Det lyser jul frå fint pynta vindauge frå utsida, og når du kjem inn i butikken har Inger Lise mykje fint å by på. Ofte er det ting som er vanskelege å finna i andre butikkar, og prisane er svært gunstige, forsikrar ho.



Svært mykje fint heimestrikka! Legg merke til krambukatten på stolen til høgre.

Eg legg merke til mykje fint handarbeid i strikk med same eg kjem inn døra.

- Det er fantastisk fint, og eg har nyleg fått det inn frå nokre som er flinke å levera flotte strikketing her i butikken, seier dama som stort sett bur i Krumbua si trass i at ho no drar seg mot 80 år. Og flinke må dei vera, for det heng og ligg ulike strikkeplagg i flotte og velkjende mønster. Dette er fine julepresangar som bør 'gå unna som varmt kveitebrød!'

Utvælet av nissar og julepynt med meir er også godt. I tillegg er det gjerne spesielle ting som ein ikkje får tak i i andre butikkar.

- Og tenk, desse flotte, doble julekorta med konvolutt kostar berre 10 kroner. Slå den du, seier krumbudama og understrekar at ho held rimelege prisar. Ho trivst veldig godt i Krumbua si no i førjulstida, for det kjem veldig mange kjekke kundar også frå nabobygdene. Nokre av dei er faste kundar som stikk innom med jamne mellomrom.

- Ja, eg har kundar som kjem meir langvegs frå og. Nokre av dei kjem innante fjorden, legg ho til.

Butikken er open kvar dag. Ho opnar kl.10.30 alle dagar utanom søndag, og så er ho der i alle fall til 17.30, gjerne lengre, også på laurdag.

Det er absolutt verd å leggja ein avstikkar innom julebua når ein er på julehandel. I tillegg til alle nye varer fortel ho at det også er kome mykje fint i gamle ting inn no.

- Ja, og om nokon skulle vera på jakt etter juleheftet til Uskedalsposten, så har eg den og, seier Inger Lise etter meg på veg ut døra.



Flotte nissar og annan julepynt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland